



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Att:

Dykkar ref	Vår ref (oppge ved svar)	Dato
15/5265-48	16/6546	26.05.2016

Søknad om tilskot til utbetring av fv 615 i samband med kommunereforma

Vi viser til departementet sitt brev av 20. mai i år.

Gloppen kommune søker med dette om 5, alternativt 15 millionar av midlane som er avsette til tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som slå seg saman.

Bakgrunn

Gloppen kommune har signert intensjonsavtale med Eid kommune om kommunesamanslåing.

I kapittel 9 – Samfunnsutvikling – i intensjonsavtalen mellom Gloppen og Eid, delpunkt samferdsle står det:

«Innanfor fylkesvegar vil den nye kommunen prioritere FV615 Sandane-Storebru på topp når det gjeld større investeringsprosjekt».

Det er altså brei forståing blant politikarane både i Eid og Gloppen, men også i Flora kommune, for at FV615 har store behov for utbetring.

Søknaden gjeld utbetring av ei spesiell strekning på vegen, kalla Høgemuren. Ei utbetring og breiddeutviding for Høgemuren vil ha positive konsekvensar når det gjeld redusert køyretid til kommunenesenteret på Sandane og i framtida betre tilkomsten til tenester som blir lokaliserte på Eid. I tillegg betyr dette prosjektet betre samankopling av bygdene i Hyen, auka tryggleik og beredskap for befolkninga i Vestre Hyen samt for all gjennomgåande trafikk.

I tillegg til å vere ein viktig regional veg som knyter Midtre Nordfjord saman med aksnen Førde-Florø, er FV615 også ein veg som skal knyte bygdene i Hyen saman med andre bygder i den nye store kommunen. Vegen er viktig for store bedrifter som SFE og Brødrene Aa, og er også viktig for landbruksnæringa både for transport av kraftfør og liknande, og for transport av mjølk, slaktedyr og andre landbruksprodukt. Vegen har funksjon som skuleveg til vidaregåande skule på Sandane, og for transport til skulen i Hyen. Gjennom Sandane sentrum fungerer FV615 som sentrumsgate.

FV 615 skal tilby nærleik og vere ein sikker og høvesvis rask tilkomst til dei viktigaste kommunale tenestene. Å løyse utfordringane langs FV 615, i fyrste rekke i Hopsstranda og Høgemuren, vil legge til rette for at ei ny kommune med Gloppen og Eid, skal fungere godt.

Eit estimat for utbettingsprosjektet ved Høgemuren, gjort av Midtvegen AS i 2016, er 10 mill. kroner for ei mindre utbetring og breiddeutviding. Ved breiddeutviding for heile strekninga på 800 m er kostnadsestimatet på 30 mill. kroner.

Sjå elles vedlagde presentasjon.

Finansieringsplan

Forslag til finansieringsplan, føreset eit spleislag og at fylkeskommunen godkjenner at Flora og Gloppen forskotterer:

	Alt 10 mill	Alt 30 mill
KMD	5 mill	15 mill
Gloppen kommune (forskottering)	2,5 mill	8 mill
Flora kommune (forskottering)	1,5 mill	5 mill
Næringslivet	1 mill	2 mill

Prosjekteigar inntil vidare vil vere Gloppen kommune. Etter politisk avklaring vil det alternativt vere Sogn og Fjordane fylkeskommune som står som prosjekteigar.

Plan for gjennomføring av tiltaket:

2016, 3. og 4. kvartal: Finansiering, avklaring

2017 1. kvartal: Prosjektering for anbod

2017 2. og 3. kvartal: Anbodsrunde, kontrakt

4. kvartal 2017 til 4. kvartal 2018: Bygging og ferdigstilling.

Med helsing

Magni Aa Berge
ordførar

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Dette er eit elektronisk brev som blir sendt utan signatur.

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
274758 Midtvegen 615 AS - presentasjon av Høgemuren

Kopi til:

Flora kommune
Midtvegen 615 v/Olav Klungre
Sogn og Fjordane fylkeskommune